



Anne Gro Brakstad
Bjørndalsvegen 344
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1555 - 19/16706

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
06.08.2019

Godkjenning - løyve til oppføring av tilbygg til bustad - gbnr 33/1 Sjurdal

Administrativt vedtak. Saknr: 173/2019

Tiltakshavar: Anne Gro Brakstad

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg – inngangsparti til bustad med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 9,5 m² og bygd areal (BYA) ca. 9,75 m².

Det vert elles vist til søknad motteken og supplert 05.08.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til Anne Gro Brakstad ved brev av 31.07.19, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Profil- og fasadeteikningar.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå tiltakshavar 05.08.19.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 05.08.19 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Tiltaket krev ikkje dispensasjon, då tilbygget skal oppførast i våningshus på landbrukseigedommen gbnr 33/1 i Sjurdal.

Nabovarsel

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til naboar. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 06.05.19.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 27 meter.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 59 meter.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har kommune ingen kommentar til utforming av inngangsparti til bustad.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 a) vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av tilbygg til bustad på gbnr 33/1 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 06.05.19 og i samsvar med teikningar motteke 09.07.19 og 05.08.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal ikkje takast i bruk før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/1555.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Anny Bastesen
Teknisk sjef

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Fasadeteikningar GBNR 33/1

E-postmelding - Fasadeteikningar GBNR 33/1

Søknad om løyve til tilbygg til bustad

kart

teikningar

Mottakarar:

Anne Gro Brakstad

Bjørndalsvegen 5918
344

FREKHAUG